

Jernbaneverket

Ulvik kommune

Dato: 27.10.2016
Vår ref.: 2016/5123-8
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.: «REF»

Formidlingsplan for Rallarvegen

Oversender Hordaland fylkeskommune sitt svar på formidlingsplan for Rallarvegen.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2016/5123-3
 Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	115/16	14.09.2016

Formidlingsplan for Rallarvegen.

Samandrag

Saka gjeld førespurnad frå Jernbaneverket til fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud om dei i samarbeid med Jernbaneverket kan utarbeide formidlingsplan for Rallarvegen, og at Hordaland tar eit koordinerande ansvar for dette.

Det er naudsynt å planlegge formidling meir systematisk og heilskapleg, mellom anna gjennom ein skiltplan. Konkrete tiltak, ansvarsområde, økonomi og tidsperiode for gjennomføring, er viktige moment i tiltaksdelen til formidlingsplanen.

Rallarvegen har 20 000 - 25 000 turistar årleg frå inn- og utland. Vegen går gjennom fleire fylke og kommunar. Den er eit kulturminne – bygd i samband med framføringa av Bergensbanen tidleg på 1900-talet. Jernbaneverket er eigar, med ansvar og retningsliner lik andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av ansvaret høyrer vedlikehald og utarbeiding av forvaltingsplan.

Utviklingspotensiale er stort, samstundes som det er utfordringar og problemstillingar knytt til berekraftig bruk og drift. Med *Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen* frå 2011 er det etablert eit grunnlag for eit systematisk arbeid knytt til bruk og drift. Eit konkret tiltak i planen var oppretting av Rallarvegrådet som eit felles drøftingsorgan for Jernbaneverket, fylkeskommunar, fylkesmenn, kommunar, brukar- og næringslivsinteresser. Rådet skal ha møte to gonger i året. Hordaland fylkeskommune har nestleiar i rådet og er sekretariat.

I tillegg til oppgåver som høyrer inn under kulturminnemynde, har Hordaland fylkeskommune hatt ei aktiv rolle i utviklingsarbeidet med Rallarvegen. Fylkestinget løyvde 1 mill. kr til Rallarvegen i 2011 til oppfølging av handlingsplanen. Rallarveg-appen – digital formidling av natur og kultur langs vegen - vart lansert i 2012. Hos fylkeskommunen er det fleire fagområde som kan nyttast i arbeidet med Rallarvegen, slik som folkehelse, friluftsliv, turisme, anna næringsutvikling og Rallarvegen som kulturminne.

Hordaland fylkeskommune som koordinator og deltakar i utarbeiding av formidlingsplanen kan sjåast i samanheng med dei oppgåvene fylkeskommunen allereie er engasjert i med omsyn til Rallarvegen. Fylkesrådmannen vonar at dei to andre fylkeskommunane, Sogn og Fjordane og Buskerud, også deltek i arbeidet. På den måten vil ein få viktige innspel, kunnskap og eigarskap til eit felles interesseområde.

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling er positiv til at Hordaland fylkeskommune tar på seg oppgåva med å koordinere arbeid med formidlingsplan for Rallarvegen i samarbeid med Jernbaneverket, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling ser utarbeiding av formidlingsplan som ein føresetnad for å få på plass ei heilskapleg formidling av Rallarvegen.
3. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling føreset at oppgåva som koordinator vert løyst innafor gjeldande budsjett, og at Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga saman finn ressursar som skal setjast inn i arbeidet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Gunn Berit Lunde Aarvik (A) sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at det vert medfinansiering av formidlinga frå Jernbaneverket.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Aarvik sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er positiv til at Hordaland fylkeskommune tar på seg oppgåva med å koordinere arbeid med formidlingsplan for Rallarvegen i samarbeid med Jernbaneverket, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser utarbeiding av formidlingsplan som ein føresetnad for å få på plass ei heilskapleg formidling av Rallarvegen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at oppgåva som koordinator vert løyst innafor gjeldande budsjett, og at kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga saman finn ressursar som skal setjast inn i arbeidet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at det vert medfinansiering av formidlinga frå Jernbaneverket.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Brev frå Jernbaneverket

Fylkesrådmannen, 15.08.2016

Rallarvegen er ein sær attraktiv sykkelveg med 20 000 - 25 000 besøkjande årleg. Vegen er eit kulturminne – bygd i samband med framføringa av Bergensbanen tidleg på 1900-talet. Jernbaneverket er eigar, med ansvar og retningsliner som for andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av dette ansvaret er vedlikehald og utarbeiding av forvaltingsplan for Rallarvegen.

I 2010 tok Ulvik herad initiativ til å samle ulike interessegrupper for å drøfte problemstillingar knytt til drift og bruk av Rallarvegen for å sikre kulturminne og omsyn til natur og biologisk mangfald. Eit resultat av dette er *Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen* frå 2011. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Ulvik herad, Aurland kommune, Hol kommune, Jernbaneverket, Villreinsnemnda for Nordfjella, Vatnahalsen Høyfjellshotell, Rallarmuseet og Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga (sekretariat) stod bak strategiarbeidet. Handlingsplanen vart handsama i fylkesutvalet i sak 134/11. Eit tiltak var etablering av Rallarvegrådet som eit felles drøftingsorgan for Jernbaneverket, aktuelle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, brukar- og næringslivsinteresser.

Fylkestinget løyvde 1 mill. kr til Rallarvegen på budsjettet for 2011 til oppfølging av handlingsplanen. Av denne løyvinga gjekk 750 000 kr til informasjonstiltak, 50 000 kr til utgreiing av Rallarvegråd og driftsorganisasjon, 100 000 kr til oppsyn, 100 000 kr til toalettøysing. Rallarveg-appen – digital formidling av natur og kultur langs vegen - vart lansert i 2012 som eit konkret formidlings-/informasjonstiltak.

Rallarvegrådet har møte to gonger i året. Politisk representant frå Hordaland fylkeskommune er nestleiar, fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga er no sekretariat. Tidlegare hadde Regionalavdelinga denne funksjonen. I Rådet diskuterer ein mellom anna erfaringar med Rallarveg-appen og korleis denne kan nyttast vidare – både digitalt og gjennom skriftleg informasjon og skilting. Så lenge det ikkje er på plass ein formidlingsplan som konkretiserer tiltak, ansvarsområde, økonomi og tidsperiode for gjennomføring, er det vanskeleg å få god progresjon i informasjons- og formidlingsarbeidet. Det er naudsynt med heilskap i planlegging og gjennomføring.

Jernbaneverket har sendt førespurnad til Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud fylkeskommunar om dei i samarbeid med Jernbaneverket kan utarbeide ein felles formidlingsplan for Rallarvegen. Jernbaneverket foreslår at Hordaland har eit koordinerande ansvar for arbeidet.

Slik fylkesrådmannen ser det, vil arbeidet med planen også gi ei rolleavklaring mellom dei ulike interessegruppene. Jernbaneverket er eigar, med ansvar og retningsliner lik andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av ansvaret høyrer vedlikehald og utarbeiding av forvaltingsplan. I rettleiinga til forvaltningsplan for statens eigedomar er formidling og informasjon nemnt som eitt av fleire særskilte område som skal handsamast eksplisitt. Jernbaneverket si rolle og ansvar i høve formidlings- og informasjonsarbeid må såleis vere i samsvar/definerast med utgangspunkt i dei gjeldande prinsipp og reglar.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Jernbaneverket ønskjer at Hordaland fylkeskommune koordinerer arbeidet med ein formidlingsplan, og ser dette i lys av det arbeidet som fylkeskommunen har gjort i samband med utvikling av Rallarveg-appen. Den vil vere eit naturleg utgangspunkt for nye formidlings- og informasjonstiltak.

Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen legg vekt på berekraftig bruk med omsyn til kulturminne, natur og biologisk mangfald. Eit mål var at Rallarvegen skal stå fram som ein av dei beste høg fjellsopplevingane i Nord-Europa. I den samanheng var det uttrykt at «Hordaland fylkeskommune kan spele ei rolle som pådrivar i dette arbeidet, samtidig som dei andre fylkeskommunane, Sogn og Fjordane og Buskerud, må trekkjast med i arbeidet vidare.»

Førespurnaden frå Jernbaneverket til dei tre aktuelle fylkeskommunane vil såleis vere eit viktig bidrag til å oppfylle dei ambisjonane ein har for Rallarvegen som turistmål og for berekraftig bruk.

Hos fylkeskommunen er det fleire fagområde som kan ha interesse og kompetanse knytt til arbeidet med Rallarvegen. Folkehelse, friluftsliv, turisme, anna næringsutvikling og Rallarvegen som kulturminne, er alle område som fell inn under utvikling av Rallarvegen.